

Foredrag Presteforeningens generalforsamling Bergen 19.mars 2012
Generalsekretær Olav Fykse Tveit, Kirkenes Verdensråd
Tema: ER GUD TILBAKE?

Kjære kollegaer!

Innleiing: Spørsmålet – og kven som svarar

Er Gud tilbake? Det er for å seie det mildt, litt av eit spørsmål. Om det i det heile kan stillast, kunne jo de ha svart på det sjølve. De er kvinner og menn som talar om Gud i alle fall nesten kvar sundag, og i tenesteveker fleire dagar i veka. Meir enn det: De observerer på nært hald, de analyserer og erfarer, de er med på forme mange si gudstru, deira religiøse oppfatningar og handlingsmønster.

Dette er eit spørsmål som kunne besvarast av mange på ulike vis. Ein religionshistorikar eller missiolog kunne gjeve dykk tal, kurvar og analysar på religiøs aktivitet, kyrkjegang, synagogebesøk, moskebesøk, medlemstal. Ein religionsfilosof kunne gjeve dykk ei oppdatering av sekulariseringsdebatten i teologien. Ein politikar som Solheim eller Støre kunne gjeve dykk klare signal om nye trendar i religionens plass i politisk arbeid, ikkje minst internasjonalt. Ein sosiolog kunne snakka om at religion som institusjon, eventuelt som del av dei offentlege institusjonane, har mindre plass enn før. Ein sosialantropolog kunne sagt at religion som grunnlag for verdiar, sosiale nettverk, eventuelt som ideologi, er mindre viktig enn han var i den delen av verda vi lever i, men har vesentleg plass og kanskje endå større plass i andre delar av verda. Og så er det vel slik at ein rikssynsar og bergensar som Frank Aarberot kunne heilt sikkert svart på dette, og lagd gode overskrifter i den av dei kristelege avisene som tykte det han sa var i tråd med deira redaksjonelle linje.

Men no var det altså min tur. Eg står her som ein kollega, ordinert til presteteneste i Den norske kyrkja. Mitt prestekall er for tida å vere sendt ut av landet for å leie The World Council of Churches, ein organisasjon som har som mål å få kyrkjene i verda til å følgje sitt Gud-gjevne kall å vere eitt og samarbeide om alt dei kan samarbeide om, til å vitne saman om den eine, treeine Gud, og til å arbeide for fred og rettferd i Guds verd - saman med alle menneske av god vilje og godt vet. At eg er prest, var eit krav for å få denne oppgåva. Difor må eg alltid presentere meg som Reverend, med og utan rundsnipp. Eg har nok ikkje preikt så ofte som eg gjer no sidan eg var

sokneprest i Haram. Eit anna krav var at eg var doktor i teologi. Det vert ikkje alltid veldig mykje tid til å lese teologi, men mange høve til å observere og drøfte kva det vil seie å tru på Gud og tale om Gud i dag, under ulike forhold, ulike utfordringar, og i ulike kontekstar og med ulik kyrkjeleg tradisjon og konfesjon. Difor er det ei spanande utfordring å få dette emnet når eg skal tale til dykk som mine eigne kollegaer her i Den norske kyrkja.

Eg forstår altså mi oppgåve her å formidle kva eg ser og høyrer som kan bidra til svar på spørsmålet. Eg undrast om eg vert sett på som ein slags omvendt kyrkjeleg Gagarin (den fyrste sovjetiske romfararen, som litt triumfalistisk kunne melde deruteifrå at Gud var ikkje å sjå nokon stad der). Det er eit spørsmål til ettertanke de har stilt, eit spørsmål vi godt kan lure litt på, nokon kvar av oss.

Spørsmålet vekkjer ulike sider ved meg og oppgåva eg har i arbeidet mitt. Det vekkjer kanskje aller mest nettopp predikanten i meg: Det er på mange vis på tide å tale meir om Gud og Guds nærver i denne verda. Korleis tale om Gud slik at det ein seier har ein relevans for denne verda og dei som er i denne verda, i verda slik ho er?

Eg vil dele svaret mitt i tre, knytt til dei tre orda i overskrifta. Eg startar med det siste. Tilbake? Kva observerer eg? Lever trua på Gud? Kva betyr ho, eventuelt noko meir eller mindre enn før? Vidare, for det andre: Gud? Kva for Gud talar vi om? Dette er jo eit usedvanleg ambisiøst tema. Her vil eg reflektere litt over temaet for den komande generalforsamlinga i KV, neste år i Korea: «God of life, lead us to justice and peace!» For det tredje vil eg reflektere litt på det enkle ordet «er». Korleis trur vi at Gud "er" i verda? Kan vi bidra til at Gud skal verte meir tydeleg i denne verda? Eg vil spørre i lys av eit sentralt element i vår lutherske arv, og bruke realitets-sjekken på all tale om kven Gud er, nemleg krossteologien.

1. TILBAKE? BORTE?

Er det erkjenninga av sekulariseringa, og vona om at ho snart er over, som ligg bak spørsmålet? Korleis kan ein eigenleg vurdere den stoda? Eg vil prøve å gje nokre innspel til refleksjon, ikkje eit dekkjande og uttømande bilete, eit slags "state of union"-tale på vegne av kyrkjene eg møter som GS i KV. Eg vil heller

kome med nokre ikkje heilt irrelevante eller uvesentlege perspektiv og forteljingar.

Mellom dei mange ting eg har lært i dei to fyrste åra av denne jobben, er at det er ikkje slik at spørsmål som er stilte med stor relevans i den såkalla Vesten, eller i det mange vil kalle "the Global North", er like relevante om ein stiller dei i ein litt større samanheng. Og nettopp det kan det vere mange grunnar til å gjere. For det fyrste er ikkje det såkalla Vesten eller Nord så dominerande som det var, korkje økonomisk, politisk, religiøst eller kulturelt. Den største auken av makt, økonomi og folketal skjer i Asia. For det andre er det sterke trendar som understrekar at kyrkjene veks i tal og med sine medlemstal i andre delar av verda enn Europa og Nord-Amerika. For det tredje er ikkje KV ein vestleg organisasjon, med vestleg dominans og vestlege perspektiv, sjølv om hovudkvarteret er i Sveits, mykje av pengane kjem frå kyrkjer og institusjonar i nord, og generalsekretæren i denne perioden er frå Noreg. Når KV uttrykkjer solidaritet med kristne i Midt-Austen, er det ikkje frå Geneve eller Oslo, men nettopp som eit fellesskap som inkluderer kyrkjene i Midt-Austen, og i Afrika, Asia, Latin-Amerika osv.

Men sjølv om problemstillinga er litt vestleg, er det like fullt eit viktig og interessant spørsmål. Spelar religionen og gudstrua ei mindre eller større rolle i verda enn før? Det er ei i alle fall ei todelt problemstilling. Heldt utviklinga fram, den lange, og for så vidt konsekvente utviklinga i retning av mindre religiøst engasjement, mindre oppslutning om gudstenester, mindre gudstru? Eller spørsmålet kan gjelde i den andre forma: Vert religion og politikk delt, vert makta flytta frå religiøse leiarar til politiske organ, eller er Gudstru og Guds tale tilbake i politikken?

Det kan verke som det må svarast «ja» på begge variantane av spørsmålet. Det er vel særleg den siste versjonen av spørsmålet som har fått analytikarar til å skrive bøker med titlar som "God is back", ettersom politikarar i dei fleste land, også her til lands, ikkje minst dei som driv med utanrikspolitikk, har erkjent at religion som fenomen kjem ein ikkje utanom, heller ikkje i politikken. Ja, at religion kanskje er noko som kan mobiliserast for politisk endring.

Det er visseleg framleis ei stor oppslutning og endå til framgang i oppslutninga om kyrkjene i mange samanhengar. Talet på kristne veks. Det er vel langt over to milliardar kristne i verda. I medlemskyrkjene i KV talar ein om meir enn ein halv milliard. Så akkurat ei marginalisert sekt eller ein utdøydd religion, er vi ikkje. Mykje av den tallmessige veksten skjer i såkalla evangelikale kyrkjer og

pinsevennkyrkjer i det globale Sør. Men ikkje berre i dei kyrkjene og ikkje berre der. Den lutherske kyrkja i Tanzania og Etiopia er i rask vekst. Den katolske kyrkja får stadig flerie medlemmer i mange land. Dei ortodokse kyrkjene etablerer seg i mange land dit medlemene deira flytter. Dei største bispedømme i den syrisk-ortodokse kyrkja er visst i Sverige og i Sao Paolo i Brazil.

For ein som lærte seg å vere prest der det stundom kunne vere ned 10 tilhøyrarar på ei gudsteneste, og difor måtte lære meg å spørre om eg har tru på at det eg sjølv seier er relevant om det er 1, 10, eller 100 som ein har framfor seg og talar til, er det ei litt underleg oppleving når det faktisk er 10 000 eller 100 000 eller 1 000 000 som høyrer på. Dette kan eg jo snakke om med stort frimod, ettersom eg veit at dei ikkje kom fordi dei skulle høyre på meg.

Men sjølv om eg vil overlate til mange andre å styre med tal, vil eg peike på realitetane som nokre erfaringar har fortalt meg. Eg preikte i den største presbyterianske kyrkja i verda, i Seoul i Korea, på ei av 5 gudstenester same sundag, med bortimot 10000 menneske til stades på kvar av dei, og dei var kringkasta til mange fleire. Same dag talte eg i den største pinsevennkyrkja i same byen, med minst like store tal på frammøtte. I parentes kan eg leggje til at når det er så mange som skal administrerast ut og inn av lokala og så mange som skal følgje det som skjer via TV-overføringar, var det nettopp i denne pinsekyrkja eg har opplevd den strammaste liturgiske regien eg har sett nokon stad. Mi helsing vart tima omtrent på sekundet, 4 og eit halvt minutt. Og liturgien var til forveksling lik ei norsk "hovudgudsteneste". Disippelskap og evangelisk forkynning, sterkt engasjement og offervilje, dette pregar koreansk kyrkjeliv. Men også sosialt engasjement og ansvar, ikkje minst overfor Nord-Korea, der t.d. pinsevennkyrkjene har hatt store leveransar av matvarar og dei byggjer eit svært sjukehus i hovudstaden Pyongyang. Eit sterkt møte mellom Jürgen Moltmann og Yongi Cho i 2005, som dei begge gladeleg fortel om, gav ei ny kopling mellom pentekostal teologi og sosial-etisk engasjement. Evangeliet må jo føre til arbeid for sosial rettferd, sa denne pinsevennen då vi møttest i Seoul.

Men det er ikkje berre evangelikale kyrkjer som er store og talrike. Eg var med på den store ortodokse kyrkjefesten i Etiopia, Meskel, som er ei blanding av jul og 17. mai, nasjonal og kyrkjeleg høgtid. På plassen framføre meg der midt i Addis Abeba var det meir enn 1 million menneske, vart eg fortald, som ba og sang, og viste ulike opptrinn om krossen si betydning for dei. Festen er knytt til

ein gamal tradisjon som er vorte ei ortodoks feiring av historia om at Helena, mor til Konstantin, fann att Jesu kross i Jerusalem, som var nedgraven og gøymd. I Etopia har det fått ein tilleggsdimensjon, om korleis noko tilsvarande skjedde i Etiopia i nokre hundreår sidan, etter at politiske makthavarar hadde tatt vekk krossen frå den ærerike og eldste kristne nasjonen i Afrika. Ein kan ikkje akkurat konstantere at gudstrua er vorte borte, i alle fall. 6-9 millionar barn og unge deltek kvar veke i den etiopisk-ortodokse kyrkja sine sundagsskular, sa dei.

Dette er nokre døme på at sjølv om dei kyrkjepolitiske dragkampar måtte pågå, og sjølv om vi måtte ha ulike oppfatningar av kor "moderne" kyrkja må vere for å vere relevant, kjem tallause menneske til gudstenester for å be, for verkeleg å be, personleg og engasjert i fellesskapet rundt liturgien og sakramenta. Også om gudstenesta varer i 3-4 timar, som ho gjorde i Etiopia ein sundag eg var der.

Lat meg nemne to andre døme frå vår del av verda. I 2010 var meir enn 100 000, mange av dei unge, engasjerte menneske, samla til økumneiske kyrkjedagar i München. Dei kombinerte sterkt samfunnsengasjement - debattar og seminarer, med tidebøner, gudstenester og bibelarbeid. Det er ei open og sjølvkritisk forsamling, med opne sinn og opne spørsmål. Då dei ba meg, ein prest frå Noreg kome med ei helsing på starten av det heile, valde eg å tale utfordrande og personleg om "håp" ut frå mi mors favoritthistorie om då dei brente blandinggardinene i gatene i Oslo 7. mai 1945. Det var då dei skjønnte at håpet om fred gjekk i oppfylling. «Då freden kom». Ho som leia opninga sa at det var kanskje det som hadde rørt henne mest den dagen. Eg tolka det som eit teikn på at teologien om håp høyrer heime i vår verd, og at det er nettopp i viljen til sjølvkritikk at det ligg mykje teikn på håp. Håp om at Guds vilje kan skje på jorda så som i himmelen. Og at vi kan vere med på å skape håp.

Eg vil også nemne besøket i Taize i august sist år. Tusenvis av unge, kyrkjelege eller kyrkjeframande, kjem heilt friviljug, veke etter veke, til eit felles område med teltplass og andre enkle buforhold, men med eitt felles møtepunkt: Kyrkja der ein ber saman tre gonger for dagen. I seminara om ettermiddagen eg måtte halde, ville dei høyre om KV, men meir om Noreg. Om ungdomane på Utøya, om deira verdiar, deira solidaritet, deira vilje til å stå opp for rettferd, integrering i Europa, deira vilje og evne til å berge kvarandre. Dei ville høyre om Ina, som bur i huset vårt på Ås, som i eit offentleg intervju fortalde om dei fem skotsåra ho hadde fått, korleis ho fekk hjelp av venene til å stoppe

blødningane og korleis ho hadde kalla såra etter dei verdiane ho ville fylle livet og tankane med vidare: Solidaritet, samhald, fellesskap, rettferd, venskap. "Gospel values" kalla nokon av brødrene i Taize det. Eg fekk meir å tenkje på. Det som mange oppfattar som eit sekularisert Noreg framsto med sterke uttrykk for det som for mange svarar til ekte og sterke kristne, evangeliske verdiar. Det sterkaste var kanskje likevel alle bønene dei ba for dei som var drepne og dei som overlevde, desse ungdomane som sjølve var sårbare og leitande.

Men det er også andre trekk i biletet, som det eg vart fortald i Canada då eg var der i forrige veke. Det skjer ei nokså rask nedgang i medlemstal i dei kyrkjene som representerer innvandragruppene frå Europa frå 19. og 20. hundreåret, kyrkjer som har representert dei medvitne og sterke sosiale religiøse strukturar i Nord-Amerika. Ein aldrande kyrkjeleiar fortalde meg at av hennar 12 barnebarn hadde ingen noko som helst institusjonell religiøs tilknytning, og ynskte heller ikkje å ha det. Men der møtte eg også den fyrste anglikanske urfolksbiskopen, med ansvar for over 200 urfolkskyrkjelydar, og som kunne fortelje at dette var den raskast veksande delen av befolkninga i Canada og sansynlegvis den mest religiøst aktive. Og der tradisjonelt kristne ritual gjekk meir og meir hand i hand med tradisjonelle urfolksritualer, også mellom dei meir teologisk konservative og evangelikale i denne delen av kyrkja. I eit land der altså hundrevis av kyrkjer vert lagt ned, selde eller rivne, kvart år.

Det er i alle fall ikkje vanskeleg å observere at Gudstru og det vi kan kalle religion, spelar ei stor rolle i mange samanhengar i verda, utanfor Vesten - men også der. I dei fleste samanhengar er det ganske unaturleg, ja, utenkeleg å ikkje ha ei form for gudstru som kjem til uttrykk i religiøse aktivitet. «In our country, we do not ask the question: Do you believe in God? But: Where do you worship? We are human beings, we are not animals, we worship somewhere.» Slik sa ein erkebiskop i Nigeria det. Det er noko han var stolt av: Menneske dyrkar Gud, svært mange i kyrkja. Sjølv om han erkjente at kva dei trur ikkje er like klart for alle. Difor var han også oppteken av bibelopplæring og økumenisk samarbeid for å styrkje kyrkjene sitt arbeid og vitnemål, mellom anna.

Eg skal ikkje forlenge denne rundreisa, men eg vil la døma kvile i tanken som bidrag til refleksjon om kor reell sekulariseringa er, slik dei gjer det i min tanke.

La oss dvele litt ved den andre sida av sekulariseringsspørsmålet: Vert politikk og religion skilt, vert det sterkare skott mellom dei, eller går det eigenleg motsett veg?

Leiaren for den afrikanske union (OAU) fortalde meg at var det noko dei måtte ta seriøst i alt politisk arbeid i Afrika, så var det menneske sin religion og gudstru, og kyrkjene si rolle i å forme standpunkt og verdiar i folk. Difor var det særleg viktig å snakke med dei som representerer kyrkjene. Det er ikkje mogeleg eller relevant å tale om utvikling, om korleis byggje opp fred og rettferd, med verdiar som kan forme lokalsamfunn, om ikkje kyrkjene og kyrkjeleiarane er med på dette og gjev eit aktivt bidrag. Slik han såg det. Og slik er det vel mange, også dei som representerer store og viktige partnerar for afrikanske land i nord, ser det. Nøakternt sett er det vel 60 % av alt helsestell i Afrika som skjer ut frå kyrkjeleg baserte institusjonar.

I kampen mot HIV/Aids har dette vore og vorte eit særdeles viktig tema. Leiaren for UN-Aids på 90-talet, ein belgisk katolikk, fortalde meg den gongen at kyrkjene var kanskje det største hinderet for å få framgang i kampen mot denne epidemien, på grunn av deira haldningar og reaksjonar. HIV-smitta kan fortelje mykje om bærer av sjukdom som er vorte tyngre av moralisering og stigmatisering. Men vi kan også tale om dei skapande krefter i godt arbeid og fellesskap også i og mellom kyrkjene for å møte denne utfordringa. Ein av dei som kan mest om dette er den nye generalsekretæren i Kirkens Nødhjelp, Anne-Marie Helland. (Sjølv om ho altså er «ikke-prest», som avisa Vårt Land presenterte henne som på fyrstesida den dagen då ho var tilsett, er ho ein av dei som kan mykje, og svært mykje om dette.) Og i dag seier dei som har oversiktene at kyrkjene er vorte mellom dei viktigaste samarbeidspartnarane nettopp i dette arbeidet.

Eit anna teikn i tida: Då det no måtte skaffast ein ny president i Tyskland, var det påkrevjande å gjenreise tilliten til dette embetet si rolle, var det viktig å få fram den truverdige, men ikkje feilfrie, borgaren sine verdiar. Då vart det uråd å kome forbi den protestantiske presten Johannes Gauck som gjorde kristne verdiar forstålege i oppgjeret med DDR og dei vanskelege sidene ved Stazi-arkiva. Det var berre eitt anna alternativ på blokka til dei som skulle utnemne, etter det eg no veit, og det var ein annan kjent og erfaren protestantisk prest. Kanskje tilfeldig, kanskje ikkje.

Vi kan kjenne ei relevant glede ved signal om at gudstru, kyrkje, religion som fenomen og som institusjon vert teken på alvor i det offentlege rom og mellom

dei som har makt. Det er jo både rettmessig og inspirerende om politikarar og eventuelt media finn at vi har ei vesentleg rolle i avgjerande sider av livet i lokalsamfunn og nasjonar. Som t.d. også statsminister Stoltenberg uttrykte det overfor Den norske kyrkja nyleg i møte med utfordringane den 22. juli i fjor og alt som fylgde med det. Den norske kyrkja framsto, både i Noreg og ikkje mindre i utlandet, som svært truverdig og kompetent i denne krisa, også korleis ho møtte den fleirreligiøse røyndomen i dette. Det gjorde at ein midt i denne forferdelege tragedien kunne også vere glad for at det er noko som betyr noko og som vert teke på alvor i kyrkja sitt bidrag, og som svarte til den verdige opptreden leiarskapet og heile det norske folket framsto med i denne prøvelsen.

Dette vart noko som vi nordmenn i utlandet kunne ta imot anerkjenning for, audmjukt og stolt. Eg har ei stor bunke brev frå kyrkjeleiarar verda rundt som sa nettopp noko om dette. Dei la merke til nasjonens leiarskap, og til kyrkja og prestane si kloke framferd. Og det er sterke teikn på at forholdet mellom muslimske leiarar og kyrkjelege leiarar, både lokalt og nasjonalt, er vorte utvikla enno meir i kjølvatnet av denne tragedien. Sjølv om det var nettopp denne anerkjenninga av at menneske kan ha ein annan religion og vere fullverdige borgarar av vårt land som skulle vere det denne ugjerningsmannen ville til livs.

På same tid er det signifikant at Regjeringa akkurat no er komen til det vesentlege punktet å leggje fram endringar i Grunnlov og kyrkjelov som verkeleg lagar nye relasjonar mellom stat og kyrkje i Noreg. Det er eit heilt reelt uttrykk for ei viktig side av sekulariseringa i den forstand at staten vert meir ubunden av kyrkja og meir tydeleg handsamar alle trussamfunn og deira medlemmer likt, og at kyrkja vert meir fri frå det mange-hundreårige samlivet med statsmakta.

Før vi går langt i å drøfte om det vert eit meir avklart og avbalansert forhold mellom statsmakt og religion som eit generelt fenomen i verda, vil eg i alle fall peike på to vesentlege sett av observasjonar. Dei kan gjere oss litt varsame med å dra for kjappe konklusjonar og generelt glade og tilfredse med at religionen vert teken på alvor eller dominerer.

Religionens fornya og eventuelt forsterka rolle handlar slettes ikkje berre om den gudfryktige og audmjuke tilbeding av Gud. I Nigeria, som mange andre plassar, ser vi at religion og religiøs identitet brukt ideologisk, til å drive politisk og valdeleg kamp mellom ulike grupper. Også negativt mot andre kulturar og

sivilisasjon: Boko Haram betyr noko slikt som: mot vestleg utdanning. Dei er mot både regjeringa, kyrkjene i Nigeria og Vesten som fenomen. Barn og unge sluttar vanleg skulegang for å slutte seg til desse gruppene. Om dette har noko med religion i eigenleg forstand å gjere, kan ein spørre. I alle fall om det har noko med Gud å gjere.

Det er mange som ropar etter ein sekulær stat i mange land, dei bokstavleg tala ber til Gud om at rettferda skal vinne fram ved at religionen skal miste si makt. I alle fall på den måten. Dei kan ikkje bruke ordet "sekulær", for då vert dei overhøyrt eller motarbeidde eller det som verre er. Men i det minste ber dei om lik handsaming. Like rettar, uansett religion - og kva gruppe innan dei ulike religionar dei tilhøyrrer, uansett etnisitet og språk, om dei er mann eller kvinne. Det er det trua på Gud burde føre til for oss, om det er skaparen av alt og alle vi ber til, uansett religion.

Det er mellom anna mangelen på frigjering av det politiske romet frå det religiøse som hindrar løysingar og som skaper uro hjå mange i ulike land i Midt-Austen i desse dagar. Nokre kristne og muslimske kvinner og menn var samla i Beirut i januar for å drøfte det kristne nærveret i lys av den arabiske våren. Dei hadde utvikla ein ny, felles forståing av at demokrati og rettferd må innebere ein ny verdibase men også ein ny retorikk. "Citizenship is what we need, not special privileges or agreements like in the former days. We just want a free and just society for all." Som ein biskop sa det om den syriske kvinna som sa nettopp dette: "Ho kan verte ein av våre neste martyrar. Diverre er det sant."

Den katolske biskopen talte ut frå erfaringane i Jerusalem. Han visste kva han snakke om, i ein by og eit område der det er ulike identitetspapir for ulike slags menneske og ulike rettar og grader av borgarskap. I Jerusalem, der vi vonar og ber om fred som skaper eitt felles Jerusalem, som jødar, muslimar og kristne deler mellom seg, ser vi at den kristne minoriteten vert stadig mindre, og at deira rettar er så avgrensa at det reelt gjer det svært vanskeleg å halde fram med å bu der. T.d. er det stor bustadmangel for kristne, og dei kan ikkje gifte seg med kven dei vil - dei vil ikkje få halde fram med å bu i Jerusalem om dei har gifta seg med ein person frå det kristne miljøet på hi sida av den andre sida av muren. Der slit mange med realitetane og konsekvensane av at Israel insisterer meir og meir på at Israel skal vere ein "jødisk stat", ein formel som skaper stor spenningar i høve til den palestinske statsdanninga, og grunnlag for forskjellshandsaming innan Israel som det er og kan verte enno meir umogeleg å handtere på ein demokratisk og forsvarleg måte. Dei kristne palestinarane er vel mellom dei som aller mest jobbar for at Palestina skal vere ein stat som

ikkje gjev spesielle privilegier til ei religiøs gruppe eller eit religiøst system. Nettopp ein fri stat med like rettar for alle borgarar er deira visjon for eit fritt samfunn for alle. Enten det vert ein eller to statar i dette området i framtida.

Å tale om religion og religiøst baserte verdspørsmål er ein stor og vesentleg del av den offentlege politiske retorikken i mange land, også i fleire av dei land som offisielt er sekulære (jf presidentvalkampen i USA). Å tenkje på korleis menneske sin religion og guds-tru er ein vesentleg dimensjon i meiningsdanning, prioriteringar, verdsbilete, moraloppfatningar m.m. er faktisk meir og meir nødvendig i det internasjonale samfunnet. Slik er det. Diverre både på godt og vondt.

Men difor vert det enno meir viktig å reflektere over kva for ein Gud er det vi talar om, kva for ei Gudstru er det vi nører, kva for eit Gudsbilete er det vi formidlar.

Så langt vil eg dra ein teologisk konklusjon i retning av at dersom ikkje det vert meir sekularisering, eit betre og meir sakleg skilje mellom religion og politikk som grunnlag for statsdanning og fellesskap, vert det heller ikkje meir rom for Gud.

Spørsmålet om Guds plass i det offentlege rom sett frå ein kyrkjeleg posisjon er på den eine sida eit spørsmål om korleis ein gjev menneskets religiøse liv og ritualer ein plass i eit felles livsrom, slik som ein no drøftar dette i lys av prinsippa om likebehandling av trussamfunn i Noreg utan å fjerne religion frå alt som skjer utanfor den private sfære.

Men det er også for oss eit teologisk spørsmål om kva slags Gudsbilete ein har og fremjar, det er ikkje berre eit spørsmål om nøytrale prinsipp. Dette er både ei religionsdialogisk og ei indrekyrkjeleg kritisk utfordring vi må ta på alvor. Er det så at vi fremjar eit gudsbilete som let seg foreine med at alle skal ha lik handsaming, lik respekt og like rettar? Har t.d. kristen misjon fremja eit slikt perspektiv, eller har ein også fremja eit inntrykk av at andre menneske, kutlurar og religionar er undermåls, annanrangs eller uverdige? Eg drøfta med ei gruppe urfolksrepresentantar dette spørsmålet i Canada i forrige veke, i lys av at KV nettopp har fordømt den såkalla "Doctrine of Discovery" som var ei dels teologisk, dels politisk målsetjing som la grunnlag for annektering, kolnialisering, og til dels nedgradering og utrydding av urfolks levegrunnlag og trusgrunnlag.

Dette vert faktisk eit teologisk grunnspørsmål, som vi som kristne teologar må besvare både ut ifrå 1 Mosebok og Romarbrevet, både ut ifrå skapingsteologien og krossteologien. I begge perspektiv er det avgjerande at Gud ikkje er partisk, men ein Gud for alle menneske og all natur. Gud gjer ikkje forskjell på folk. Her er meir å tenkje på for nokon kvar av oss.

Vi har gjennom sekulariseringsprosessane passert fleire punkt det er umogeleg å gå attende frå. Det er våre spørsmål og tankar om Gud vi kan diskutere, ikkje Guds eksistens i og for seg som kan provast eller ikkje provast. Og dei siste dagars debatt gjer det vel om mogeleg meir tydelegare enn før at diskusjonar om kreasjonisme og skaping på 6 dagar er eit tilbakelagt stadium. Det er ikkje mogeleg å ha ei blasfemi-lovgjeving som skal verne om Gud eller unngå å vekkje Guds vrede (slik den var meint for nokre hundrår sidan), berre ei lov som hindrar trakassering av menneske og deira religiøse forestillingar og praksis. Kva det kan føre til om ein held fram med lover som skal hindre blasfemi for å bevare Guds ære, kan ein studere i Pakistan for tida. Der forgiftar den såkalla blasfemi-lova samfunnet, og skaper vilkårlege og stundom bokstavleg tala ulevelige forhold for menneske som måtte bli oppfatta å ha spotta Gud gjennom å ha ei anna tru. Vernet av Guds ære vert lett eit forsøk på å verne om vår eiga ære, eller det som verre er, ein reidskap til å undergrave andres ære og rettstryggleik. Dette rammar både kristne og muslimar i Pakistan.

Dette leier meg over til å tale om Gud, og på kva måte vi kan tru at Gud er i vår verd, eller rettare sagt korleis vi er i Guds verd.

2. LIVETS GUD, LEI OSS TIL RETTFERD OG FRED!

Så snart det vert Gud sjølv det er tale om vert det noko vanskelegare å diskutere. Men det er nettopp den utfordringa sekulariseringa gjev oss: Kva kategoriar har vi når vi skal tale om Gud, gjere Gudstru relevant og verkeleg i vår verd i dag? Og vi ser med respekt og beven kva ulike typar bruk av gudstru og påberopt gudsautoritet kan føre til. Ingen av oss kjem utanom kravet om å ta ansvar for kva vår Guds-tale fører til, sjølv om ein aldri så mykje påberopar seg gamle autoritetar, embetsroller eller guddomelege skrifter.

Religionstale er umogeleg utan religionsdialogen. Ingen kan snakke åleine i denne verda. Det er mange som lyttar. Det lærte vel karikaturstriden oss ein del om. Men vi lærte oss vel også noko om at religionskritikken også treng

religionsdialogen. Det er den tillitsbyggjande samtalen som nettopp er den beste staden for religionskritikken, og då den kritikk som er meint å vere konstruktiv, så konstruktiv at den vert til sjølv-kritikk. Den er konstruktiv fordi det utviklar seg noko større der enn omsynet til berre den eine sine interesser, det vert noko ein vil skape saman.

Det mykje å seie om temaet "God of life", eller "Livets Gud". Her vil eg peike på to dimensjonar som har vorte meir tydelege for meg gjennom desse to åra i KV, og som følgjer oss på vegen til ei generalforsamling der vi igjen har Gud som tema.

a. Livets mysterium og livets Gud.

Denne genitiven er ganske krevjande, men undeleg avgjerande. Det er ein bestemmande genitiv. Den viser til eit opphav, livet tilhøyrer Gud. Det er ikkje slik at at Gud går opp i livsfenomena, men Gud er nærverande i dei, i alt det som er liv, alt det liv som vert skapt og halde oppe kvar dag. "Eg ser deg Gud i kvar den blom som tirer", heiter det i ein salme som kanskje ikkje har plass i neste salmebok. Vi har lest, om ikkje lært utantåt, Luthers forklaring til den fyrste trusartikkel: "Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar, og at han heldt alt dette ved lag." Skapingstura er at vi er i Gud, meir enn at Gud er i oss. Livet er i Gud. Vi er i Gud. "Det er i han vi lever og rører oss og er til", heiter det i eit dikt Paulus fann det for godt å sitere på Aeropagos (Ap gj 17, 28).

Det er ikkje ei forklaring på livet, i og for seg, som er det viktigaste. Som forklaring kan den alltid angripast på ulikt vis. Skapingstru er ikkje ei kausalforklaring. Det var trass alt ingen som var til stades og bevitna det som dei fyrste versa av Bibelen handlar om. Men det viktige er tolkinga av livet og livsmysteriet som gåve, i lys av ord om velsigning, pakt, nåde, glede, frelse, håp.

Eg vil også føye til ord som: Løyndom. Mysterium. Livsmysteriet er eit trusmysterium. Guds frelse er også eit uttrykk for Guds kontinuerlege skaping. Det er Gud som gjev oss det vi treng for å leve, som gjev livet meining og fellesskap. Kristi gjerning er skaparen si gjerning. Kristus tek del i skaparens visdom, logos. Dersom Jesus er meir enn eit spesielt menneske med spesielle eigneskapar og ei spesiell livshistorie, men også er Kristus, er Jesus ein del av Guds eigen biografi i verda. Bodskapen i evangeliet om at Gud kjem tilbake etter krossen er at Guds frelser Jesus og dei som følgjer han gjennom død og

frå død. Det er det mest livsnære, det mest verdslege i den forstand, som er frelsa sin gjenstand og stad: Døden og dødens krefter som forbanning, som vi alle står overfor, som vi møter kvar dag, ikkje minst de som er prestar.

Soteriologien handlar om livet vi lever, i all sitt tvetydige, men likevel gåtefulle perspetiv. Her er noko som gjev liv, som også grip inn i livet og gjev det eit anna perspektiv. Det vonde har ikkje det siste ordet. Det er eit mysterium at i livets gode kraft er det også motkrefter. Der det er liv, er det død. Der det er lys, er det mørke og skugge.

Men eit enno større mysterium er dette: Det er alltid og alle stader det eg vil kalle yttrykk for "det godes gåte", det at det finnst lys, at det finnst livsvon i det vonlause, at det er orden i kaos, at det er noko som skjer i livet som heile tida peiker oppover. Alt dette kan tolkast i lys av oppstoda som skaping og frelse. Gud er her. Og Gud er tilbake. Og det som er enno viktigare: Vi er i den verda Gud er i, i Guds verd, ja, vi er i Gud.

Decartes gav det rasjonelle grepet som måtte til for å sekularisere ei forståing av verda, for å gje rom for vitskapens tankemåte og kritiske spørsmål og tvil som må til for å forstå verda betre. Han er vorte rettmessig kalla sekulariseringas far, men også urettmessig oppfatta som den som starta slutten på gudstrua. Han erkjente at det er sjølvrefleksjonen, at eg tenkjer og at eg tvilar, som er det sikre. Men det var også han som erkjente at vi som menneske ber i oss både medvitet om dette endelege, det avgrensa, men dermed også spørsmålet etter det uendelege. Nettopp fordi vi erkjenner vår endelege, vår avgrensa livsrealitet, kan vi stille det opne spørsmålet etter det uendelege. Gud kjem til oss i livet meir som eit spørsmål vi ikkje kan late vere å stille, meir enn som svar som på eit eller anna vis kan brukast til bevis.

Levinas peikte også på at det er når vi tar utgangspunkt i våre behov, kva vi sjølve treng, for å finne Gud, at vi lett berre endar opp med oss sjølve og projeksjonar av oss sjølve, ein "ego-logi". Ved å sjå kva den andre treng, kva rettferd den andre har bruk for, vil vi kunne finne også Gud på vår veg, fordi vi vert ein del av Guds rørsle inn i verda, Guds medkjensle, respekt, kjærleik, Guds nåde.

Igjen er det det uendelege, den uendelege respekt Gud har for kvart menneske, som inviterer til det opne og frie perspektiv om Gud og Guds nærver i verda. All tanke om at Gud er vår, at Gud er partisk, at Guds syrgjer berre for oss, vert i praksis ateisme.

Gud er meir enn det som er nødvendig. Dersom vi må tenkje Gud for å leve eit liv, hadde vi igjen lukka Gud inn i vår avgrensa forståing av livet. Men i ei open takksemd for Guds verd, Guds nåde og velsigning, utan å prøve å bevise Gud gjennom det, der kan vi også leve meningsullt med ei Gudstru. Der ein har eit sekularisert forhold til verda og politikk der ein ikkje krev å ha Gud på si side på ein absolutt måte enten som forklaring eller ideologi, kan ein opne for Guds uendelege nærvær og Guds uendelege nåde.

Fyrste Mosebok er ei forteljing om korleis menneske søker Gud i den ambivalente røyndomen, for å erkjenne våre grenser. Det er skriva av menneske som erkjenner det gode og det vondes realitet, men som trur at det er von etter syndefall og katastrofer, at Gud ikkje er berre ein plass eller hos eitt folk.

Dersom ein les Bibelen med dette perspektivet, ser ein at Gud kjem til oss i skapinga og i Kristus som fridom og kjærleik, som den som alltid opnar ei ny dør, eit nytt håp, ein ny relasjon. Vår vørnad, også vår intellektuelle vørnad, er der ettersom vi erkjenner vår avgrensa kapasitet i noko som er større og uavgrensa.

Det er ikkje mogeleg å tale om Gud, utan å ta utgangspunkt i livet. Gud kan ikkje vere noko som gjeld mine private religiøse affærer. Gud kan ikkje vere noko som er avgrensa til ein spesiell type religiøse erfaringar, eller religiøse organisasjonar, sjølv om vi meiner det er ein rett måte å ta vare på den rette trua på.

Gud og naturen må forståast i samanheng. Eg trur dette er ganske tydeleg i Noreg, meir enn i mange land. Det er ein sterk emosjonell relasjon mellom menneske og natur i Noreg, det er ei religiøs og etisk samankopling, for nokon meir enn for andre, som t.d. for det samiske folket. Men det er ikkje berre dei som har ein sterk og djup, ja, religiøs binding til naturopplevingar. Og dette fører til ei djup kjensle som også motiverer til vern om naturen. Eg hugsar då vi hadde feira gudstenete på verdas miljøverndag i Ishavskatedralen i Tromsø i 2007, og politikarar og journalistar hadde funne at det er for mange ei sterk emosjonell religiøs binding til naturen som veks fram i arbeidet med klimaspørsmåla. Statsministeren sa det nokså treffande: "Selv om jeg vel ikke er en troende i vanlig forstand, handler dette for meg også om det vi kan kalle skaperverket".

Sekulariseringsdebatten har lært oss at spørsmålet om kva kategori, kva for hol som er igjen til Gud i det modere verdsbiletet, er eit ufråkomeleg, men litt håplaust spørsmål. Det er ikkje dei same kategoriane. Samstundes er det slik aat talar vi om Gud, så talar vi også om skaping. Om liv. Men livet er også tvetydig. Det er både lys og mørke, både velsigning og forbanning, både glede og trugsel i naturen. Livets mysterium er i naturen, men er også noko meir enn naturen slik den framstår som mulighet og som fare.

b. Skapartrua heng saman med trua på den rettferdige og fredsskapande Gud

Temaet vi i WCC har vald er ei bøn: "God of life, lead us to justice and peace." Det er ikkje berre å tale om "Livets Gud" som er vår oppgåve, det er også å la oss leie av Livets Gud, og å leie menneske inn i eit fellesskap med Livets Gud. Dette kjem vakkert fram i samlingsbøna som no mange ber i starten av feiringa av den nye liturgien i Den norske kyrkja. Dette er eit frelsande fellesskap bygd på den nåde Gud gjev i dåpen. Dåpen har alltid hatt karakter av å kople oss til livselementet vatn som både er uttrykk for fare (Exodus-motivet) og det som er reinsande og livgjevande (Johannesdåpen som førebilete og livssamanhengen med Kristus som er gjeven i dåpen, Rom 6). Det er naturleg at dåpen kjem fyrst i ei kristen gudsteneste. Men det er slettes ikkje unaturleg at syndsvedkjenninga også kjem tidleg i ei gudsteneste, nettopp som påminning av dåpens livsfellesskap med Gud. Det er eit i aller beste forstand moralsk spørsmål å tilhøyre Livets Gud. Det er kyrkja som dåpens fellesskap eit fellesskap som kan leve når det er prega av at vi er audmjuke, sjølvkritiske og avhenginge av den nåde dåpen gjev oss. Kvar dag, kvar sundag, kvar veke. Det er ikkje uttrykk for eit negativt livssyn eller menneskesyn, det er ei hjelp til å be bøna ærleg og oppriktig: Livets Gud, lei oss til rettferd og fred!

Kontakt med skapingas krefter er sterke og viktige dimensjonar i eit menneskeliv, ikkje minst i det ved oss som er ein Gudsrelasjon. Korleis er Gud til hjelp for meg? Korleis kjem englane meg til hjelp, enten som mine beskyttarar eller mine hjelparar? Alt dette er viktige steg i erkjenninga av livets Gud. "I slikt ver får du bønner, Gud" er det kjente uttrykk for korleis menneske har klamra seg til bøn og til Gud i livets kriser. Generelt er det litt påfallande kor lite det i norsk samanheng er offentleg tale om at vi ber for kvarandre, i alle fall om ein samanliknar med andre land og kulturar. Ein treng ikkje gå langt. Fotballspelaren Wayne Rooney, kanskje ikkje den ein ville tenkje var den

ivrigaste kyrkjegjengaren, uttalte på laurdag at han bad for den medvitslause medspelaren som fekk hjartestans under ein fotballkamp sist veke. Det var interessant at NRK fant det så oppsiktsvekkjande at ein biskop oppfordra prestane til å be for dei som var ramma av storm og orkan sist nyttårshelg, at dei lagde eit eige intervju med biskopen i Bjørgvin om dette. For mange er det å be om forbøn eller å seie at ein ber for andre det beste uttrykk for menneskeleg solidaritet. Og det er det vel også? Er det noko sterkare og sjupare personleg uttrykk for at vi bryr oss om kvarandre?

Gud som skapar er skapar av alle menneske, og av heile skaparverket. Det er ei freisting for oss å gjere Gud til vår hjelper på ein eksklusiv måte. Det er i bønna til Livets Gud noko som direkte fører oss til bønna om rettferd og fred. Og motsett: ein kan arbeide for rettferd og fred i lys av det store perspektivet på livet, der ikkje berre mitt eige liv, men Guds liv, er horisonten. Men dette er ikkje berre noko som er der, utan vidare, det er noko vi må bli leia inn i, det er noko vi kan vere med på å skape, gjennom våre handlingar. Det er difor slik at trua på Livets Gud heng saman med moralske krav som vi kan og skal setje til kvarandre, ikkje minst til dei som har politisk eller anna ansvar. Det dei driv med, må føre til det som tener rettferd og fred. Men det er også nettopp den etiske fordring som skandinavisk skapingsteologi på sitt aller beste har fått fram.

Lat meg her kome med ein liten merknad til vidare ettertanke. Då eg såg at biskopen i Bjørgvin oppfordra til forbøn for dei som var ramma av uveret, tenkte eg at i svært mange andre samanhengar eg har vore i dei siste to åra, ville det vore lagt til ei oppfordring om å stille opp og yte praktisk hjelp til dei som treng det. Nettopp som eit uttrykk for kyrkja si oppgåve. Det kan vere at dette er så sterkt i bygdesamfunnets etos at det er nesten unaturleg å påkalle kyrkjelydens innsats – som sådan. Det kan også vere at ein lit på at det er det offentlege som syter for at alle materielle behov vert dekkja og at det offentlege organiserer den profesjonelle hjelpa som trengst når krisa er ute, prest også, om det er nødvendig. Men kvifor det ikkje er ei oppfordring til den praktiske innsats, til å hjelpe den naudstilte, til å sørge for at det i praksis er ei rettferdig fordeling av dei goder som er tilgjengelege når nokon er ramma av ei ulukke, det vil eg la stå som eit ope spørsmål. Men skal ikkje kyrkja nettopp uttrykkje sitt fellesskap i praktisk handling, i hjelp til dei som treng det?

Det er jo i møtet mellom den umiddelbare oppleving av livsmysteriet og av den andre og dens behov, at trusmysteriet høyrer heime. Her er det også dei ulike svar og dei ulike dilemma er å finne. Naturen er tvetydig. Liv og død, lys og

mørke er ein del av den skapte realitet. Like fullt er det ikkje i det ondes problem sjølve Gudsspørsmålet eigenleg startar. Det er vel meir i ei fyrste erkjenning: Livet er eit under, livet er eit mysterium, livet er både gåve og oppgåve, livet ber i seg det godes gåte. Korleis kan vi bli ein del av det godes gåte, korleis kan mitt liv bli noko som skaper det gode?

Skapingsdiktet i Genesis talar ikkje om at lyset erstattar mørkret, men at Gud skaper lys, ordnar lys og mørke, natt og dag, vekas dagar, jord og himmel. Vårt omskiftelege liv er ein del av livet. Vårt liv i naturen og naturkreftene er både mulighet og fare, både velsigning og forbanning. Like fullt er det ingen tvil: Vi bør følgje Livets Guds bod. Vi er vår brors vaktar. Det kan føre til katastrofe å la synda råde fritt.

Det er ei større gåte at det gode faktisk kjem fram, at det faktisk finst. Det er ikkje minst som spørsmål, som eit ope spørsmål, at vi kan forholde oss til Gud. Vert det eit lukka system, ein lukka definisjon, eit lukka dogmatisk eller rasjonalt argument, vert det fort noko som sprengjer seg sjølv. Det fører enten til at ein gjev opp gudsspørsmålet eller gudserkjenninga, kanskje også trua på det gode i dragsuget av opplevinga og erkjenninga av det vonde.

Difor er det så vesentleg å opne for Gudserkjenning knytta til livet; ikkje som ein definisjon, men som eit spørsmål, som eit ynskje om å gjere det gode, og som ein takk. Menneske lever med ei større erkjenning av sin eigen vørnad, si eiga opne framtid som mulighet og ikkje som eit stengt rom, når Gudstru, Gudserkjenning og ikkje minst bøn opnar for ein Gudsrelasjon.

Men nettopp for stramme koplingar mellom gruppeintresser og Gud kan gjere Gud til ein partisk storleik. Skapartrua er eit kraftig korrektiv til all tale og tenkning om Gud som om Gud kunne vere berre vår, berre for oss, og mot dei hine, mot resten av skaparverket for den saks skuld. Det er vorte eit stadig meir påtrengjande spørsmål ettersom doktrina om menneske som forvaltar er kraftig utfordra av erkjennign av menneskets overforbruk.

3. KROSSEN SOM REALITETSSJEKKEN PÅ GUDSTALEN

Det verka ikkje særleg diplomatisk då Paulus skreiv at han ville ikkje vite av noko anna enn Kristus og han krossfest mellom Korintarane (I Kor 2). Det er ei

stadig utfordring for alle som skal tale om Gud og representere Gud. Vi skal ikkje alltid tale om det same, eller berre om kross og død. Det gjorde ikkje Paulus heller.

Men all vår tale om Gud må tåle å bli testa mot det. Kan det vi seier om Gud stå saman med ein tale om at Guds Son vart ført til krossen, til det ytterste av menneskeleg erfaring av urettferd, ondskap, feigheit, synd, ja, av å vere gudsforlatt?

Det er i alle fall tre testspørsmål vi skal stille ut frå dette perspektivet til all vår tale om Gud.

For det fyrste: Er det slik at vi godtek urettferd og ondskap i Guds namn, eller ser vi nettopp krossen og den tome grava som uttrykket for at Gud let verdas urettferd og ondskap for alltid stå til doms, til spott og spe? Det er ikkje det vonde som skal få det siste ordet om livet. Gud er rettferds Gud fordi Gud er livets Gud.

For det andre: Er det Kristus og Kristi død og oppstode som er grunnlaget for vårt Gudsforhold, og ikkje våre sjølvskapte meiningar og preferansar? Dersom Gud faktisk let den elska verte krossfest, kan det ikkje vere noko samanheng i verda Gud ikkje kan vere til stades i. Det er heller ikkje nokon samanheng som vi ikkje er kalte til å representere Guds nærvær i. Det er faktisk tale om det mest opne fellesskap vi kan tenkje oss. Det eksklusive i krossen er nettopp det inkluderande, at Kristus er for alle. Kyrkja sin misjon er nettopp i Livets Guds teneste, vi er kalte til å forkynne Kristi død og oppstode til liv for alle, for heile skaparverket.

For det tredje: Er vi viljuge til å ta opp vår kross, til å følgje Kristus og stå i eit fellesskap der vi må bere krossen saman, der vi er viljuge til å vere solidariske med kvarandre, og ikkje gjere krossen eit anna menneske må bere tyngre?

Er Gud borte? Er Gud tilbake? Desse spørsmåla høyrer faktisk til i kjerna av vår tru. Gud vart opplevd som borte – i Kristi død for oss, til vår rettferdiggjering. Gud kom attende, ikkje med hevn, men med eit ord om fred. Nettopp i trua sitt mysterium, i trua på Gud som nærverande i livets mysterium, i død og liv, er det vi høyrer til.

Her er vår oppgåve. Ikkje med den førmoderne institusjonelle autoritet. Ikkje med den moderne vitskaps autoritet. Ikkje med det post-moderne individs

autoritet til å bestemme alt slik eg sjølv vil. Men i den autoritet som kjem frå den krossfeste og oppstandne, som utfordra all autoritet og som alltid vil gjere det.

I den audmjuke tru på at i alle motsetningar i livet kan Gud vere til stades, også der vi ikkje ser det eller trur det, der er det meiningsfullt å vere prest.

Det er med denne autoriteten kyrkja er sendt med til verdas endar. Det er også i lys av dette at vi høyrer ordet om at Gud er med oss alle dagar.

Det er ei spesiell oppgåve å vere prest i ei sekularisert verd, i eit sekularisert Noreg.

Men det er altså her Gud er.

Eg kjenner sitringa i kroppen av at det snart er påske, og vi skal synge Maria Magdalenas ord, slik dei står i min favoritt av påskesalmane: "Mer kunne ei engler begjære enn gå med så salig et bud."